


# Budsjett 2016

## Økonomiplan 2016-2019



Vedteke 16.12.2015 i k-sak 113/15

# **Kommentarar til Budsjett 2016 og Økonomiplan 2016-2019**

## **1. Generelt**

Med det ein viser til kommunelova § 45, legg ein med dette fram budsjettforslag for Forsand kommune for 2016. Kommunestyret skal vedta budsjettet samstundes med at det i medhald av skattelova § 139, gjer vedtak om skattelegging. Budsjettet bygger elles på innhenta framlegg frå dei ymse seksjonar, råd og styrer, samt vedtatt økonomiplan for 2015-2018. Det er i samsvar med føresegnene laga eit kapitalbudsjett og eit driftsbudsjett, kor kapitalbudsjettet viser investeringane og finansieringa av desse.

## **2. Vedtak om skattelegging og budsjett.**

Av rundskriv frå kommunal- og arbeidsdepartementet går det fram at det skal gjerast vedtak om forskot på skatt for inntektsåret 2016.

## **3. Føresetnad for reell budsjettering**

I følgje kommunelova § 46, skal budsjettet vere ein plan for kommunen sine utgifter og inntekter i budsjettåret. Alle påreknna inntekter og utgifter skal vere med og budsjettet skal settast opp i balanse.

Det vedtekne budsjettet er bindande for kommunale myndigheiter sin forvaltning i budsjettåret.

Det vert vidare lagt til grunn at:

- Budsjettet skal haldast innanfor ei forsvarleg økonomisk totalramme.
- Låneskulda skal haldast på eit forsvarleg nivå. Låneopptaka må ikkje overstige det kommunen vil make å forrente og amortisere i tillegg til dei auka driftsutgiftene investeringane vil føre med seg.
- Det må ikkje forskotterast meir av kontantmidlane enn omsynet til forsvarleg likviditet til ei kvar tid tilseier.
- Det er kommunen sjølv, og då først og fremst formannskapet og kommunestyret som har hovudansvaret for å halde verksemda innanfor ramma av dei kommunale ressursane som kan påreknast.
- Dei kommunale seksjonane, utval og råd deler og dette ansvaret. Det er difor viktig for alle parter å følgje utviklinga gjennom året og gripe inn om det er naudsynt.

## **4. Økonomisk opplegg frå regjeringa**

**Vekst i samla inntekter.**

Regjeringa legg opp til en realvekst i kommunesektorens samla inntekter i 2016 på 7,3 mrd.

|   |                 |
|---|-----------------|
| Frie inntekter                          | 4,7 mrd.        |
| Frie inntekter knyttet til nye oppgaver | 0,8 mrd.        |
| Øremerkede tilskudd                     | 1,4 mrd.        |
| Gebyrinntekter                          | 0,4 mrd.        |
| <b>Samlede inntekter</b>                | <b>7,3 mrd.</b> |

Av veksten i samla inntektene utgjør dei frie inntektene 4,7 mrd. Dette er ein realvekst på omlag 1,4 pst regnet fra RNB (Revidert nasjonalbudsjett). Av dette får:

- Fylkeskommunane 0,5 mrd kroner
- Kommunane 4,2 mrd kroner

Dei frie inntektene skal dekkje:

- Befolkningsvekst
- Pensjonsauke
- Underliggende vekst i diverse ressurskravande tenester
- Frie inntekter knytta til nye oppgåver

Pensjonskostnadene i 2016 vil auke reelt med vel 0,9 mrd. utover lønnsvekst.

### **Inntektssystemet**

Rammetilskotet vert fordelt til kommunane gjennom inntektssystemet. Endringane i kriteria for rammetilskot faller ikkje positivt ut for Forsand kommune. Dette er openbart når ein ser på utviklinga frå 2012 og prognosane fram mot 2019:

| (i kr 1000)               | 2012   | 2013   | 2014   | 2015   | 2016   | 2017   | 2018   | 2019   |
|---------------------------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|
| Sum rammetilskot          | 36 934 | 41 049 | 41 622 | 42 134 | 42 214 | 40 559 | 40 542 | 40 525 |
| Auke frå året før         | -      | 4 115  | 573    | 512    | 79     | -1 655 | -17    | -17    |
| Sum skatt og rammetilskot | 80 308 | 85 780 | 88 089 | 88 800 | 90 900 | 89 300 | 89 300 | 89 200 |
| Auke frå året før         | -      | 5 472  | 2 309  | 711    | 2 100  | -1 600 | 0      | -100   |

Forsand kommune sine utgifter aukar årleg som følgje av løns- og prisvekst. En lønsauke på 3 % resulterer i ein årleg kostnadsauke på nærare kr 4 mill. Frå 2012 til 2015 var det ein nedgang i veksten på rammetilskotet. Frå neste år står vi overfor en reell nedgang i rammetilskotet. I 2016 kompenserast dette i noen grad som følgje av en forventa vekst i skatteinntekter, men sum skatt og rammetilskot er likevel ikkje nok til å dekkje løns- og prisveksten. Reduksjonen i rammetilskot frå 2017 er dramatisk for Forsand kommune. Omstillinga til desse nye økonomiske realitetar har begynt, men det er innlysande at denne omstillinga må vidareførast i 2016.

## **5. Kommunen sin økonomi**

Ein av dei største drivarane på utgiftssida er lønspostane. Her er det aller meste faste utgifter og gode lønsoppgjør gjer store utslag i økonomien. Flyktningmottak er eit anna tiltak som medfører stor uvisse på den økonomiske sida. Sjølv om det er fastsett faste tilskotssatsar er det ennå

ukjente hjelpebehov som er under utredning. På inntektssida er det ennå ein del å gå på før ein er på sjølvkostnivå i VAR-sektoren, vann og avlaup.

Rammetilskotet for 2016 syner ein marginal auke frå 2015. Kompensasjonen for skatteinnkreving er teken ut av rammetilskotet då denne på ny er foreslått statleggjort frå 01.06.16. Skatt på inntekt og formue er budsjettert med kr 48,16 mill. noko som er ein auke på kr 1,6 mill. frå 2015. Desse prognosane er usikre då endelege tal for rammetilskotet 2016 blir fordelt i februar 2017 avhengig av inntektsutjamninga som vert berekna fortløpande i 2016. Avvik i skatteinngangen vil og påverka rammetilskotet då desse vert sett i samanheng.

Eigedomsskatten er for 2016 sett til same nivå som 2015, kr 44,5 mill. I skattelistingene for kraftanlegg som vart mottekne denne veka var skatten for Lyse Produksjon anlegg Lysebotn redusert og samla utgjorde reduseringa om lag kr 1 mill. kroner. Skattekontoret for store bedrifter meldte samstundes at dei skulle komma tilbake til eigedomskatt på anlegg under arbeid men det er på det noverande tidspunkt ikkje avklart. Det har og vore på høyring nye takseringsreglar for verk og bruk men desse endringane vil eventuelt gje Forsand kommune lite endringar då det ikkje berører kraftanlegg i same grad som industriverksemder.

Konsesjonsavgifta er for 2016 sett til kr 9,9 mill og det er budsjettert med avsetning til kraftfondet på kr 1,1 mill.

Det framlagde driftsbudsjettet er gjort opp med eit brutto driftsresultat på kr 3,768 mill. Brutto driftsresultat kjem fram etter at skattar, rammetilskot og andre inntekstpostar er inntektsført med kr 183,9 mill. og driftsutgiftene er utgiftsført med kr 180,1 mill. Renter/avkastning, avdrag, eigarandel frå Elverket og avskrivningar er ikkje medteke her.

I budsjettet for 2016 ligg det uttak av eigarandel i Forsand elverk på kr 3 mill. Det er foreløpig ikkje lagt opp til auke i dette uttaket som har vore stabilt på kr 3 mill. dei siste åra men det kan bli aktuelt å auke denne dersom ein skal oppretthalde dagens nivå i dei kommunale tilboda. Netto driftsresultat i 2016 berekna til kr 3,22 mill. og er 1,75% av driftsinntektene. Dette er i samsvar med anbefalt resultat frå sentrale styresmakter for kommunesektoren og ivaretek formuesbevaringsprinsippet som tilseier at realverdien av formuen vert oppretthalden over tid.

Momskompensasjonen som skal førast i drift er for 2016 berekna til kr 5,6 mill. Momskompensasjonen som oppstår i investering vert fullt ut ført tilbake i investeringsrekneskapen.

### **Kommunen sin lånegjeld**

Det er lagt ein opp til ein ekspansiv økonomiplan med aukande låneopptak i den neste 4-års perioden. Samla lånegjeld pr. 31.12.16 vil vera om lag kr 157 mill. Av desse er kr 26 mill. startlån til vidareformidling. Kommunen vil vera sårbare ved renteoppgang, ein auke på 1 % vil utgjera om lag kr 1,5 mill. i auka årleg renteutgift. Aukande lånegjeld vil binda stadig meir midlar til avdrag, i 2016 utgjer avdrag og renter hhv. kr 5,9 mill. og 2,7 mill. (inkl. startlån). Kapitalkostnadar til næringsbygg som skal dekkast frå kraftfondet er inkludert i desse beløpa (jf. tidlegare vedtak i kommunestyret) men er justert til reelle nivå, samla kr 0,9 mill. Nye lån som er planlagt tatt opp i perioden 2016-2019 er primært lån til utleigebustadar og desse vil og utløyse tilskot frå Husbanken.

## 6. Driftsbudsjettet

Som omtala under punkt 4 er utviklinga i dei økonomiske rammeforutsetningane dramatiske for Forsand kommune. Behovet for omstilling og meir effektiv tenesteproduksjon er i tråd med dei signaler som tidlegare har kome frå rådmannen. Kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner har uttalt at det ikkje skal bli enklare for små kommunar å stå åleine: Utviklinga i rammetilskotet syner at det setjast handling bak dei orda.

Utgangspunktet for budsjettet for 2015 var ein auke i skatt og rammetilskot på kr 1,8 mill. I samband med budsjettprosessen for 2015 blei seksjonane sine rammer redusert med 2 %. Dette mellom anna for å finansiere at kompensasjon for lønsoppgjjer blei budsjettert sentralt. Som varsla i tertialrapportene i 2015 er det utfordrande for seksjonane å tilpasse seg dei reduserte økonomiske rammene. Når reell vekst i skatt og rammetilskot i tillegg ikkje blir kr 1,8 mill. i 2015 som estimert, men berre kr 700.000 seiar det seg sjølv at den økonomiske situasjonen blir utfordrande.

Utgangspunktet for budsjettarbeidet for 2016 var med andre ord ikkje det beste som følgje av at seksjonane allereie i inneverande år har måtte sette i verk innsparingstiltak. Dei innsparingstiltak som først setjast i verk er dei som smerter minst og som i minst muleg grad får konsekvensar for brukarane. Når kostnadsnivået må reduserast i 2016 (og på sikt og i åra som kommer) må det difor setjast i verk meir drastiske innsparingstiltak.

Et sentralt mål for budsjettprosessen for 2016 er å få på plass meir realistiske budsjetter. I inneverande år ser vi at mellom anna ikkje alle lønsbudsjetter er i samsvar med reelle lønsutbetalingar. Seksjonane fekk i utgangspunktet uendra ramme i budsjettprosessen for 2016, men fekk samstundes i oppdrag å sikre budsjettering for 2016 i samsvar med realitetane. Oppdraget besto i å finne innsparingar tilsvarande 5 % av seksjonane sine budsjetttrammar. Dette svarer til innsparingar på kr 6,5 mill. Innsparinga på 5 % blei i neste runde lagt inn på områder som i 2015 er underbudsjettert, da primært på lønsrelaterte områder. På det viset sikrar vi at kvaliteten på budsjettet for 2016 blir høgare enn tilfellet har vært tidlegare.

I budsjettprosessen for 2016 har det ikkje vært muleg for alle seksjonar å imøtekomme bestillinga om eit budsjett for 2016 på nivå med 2015. Grunnen til dette er at det på visse områder ikkje er muleg å sette i verk innsparingstiltak på det som i denne samanhengen blir kort sikt. På desse områdene må omstillinga gjennomførast over ein periode som går over fleire år.

Seksjonane har jobba konstruktivt og bra i samband med å finne naudsynnte innsparingstiltak. Dei mange skjema med ulike innsparingstiltak som er under seksjonane sine budsjettkommentarar vitnar om dette. Dei aller fleste steinar har blitt snudd både to og tre gangar. Det positive i prosessen er at seksjonsleiarane sitt kjennskap til samanheng mellom drift og budsjett har auka. Dette gjør at vi har betre forutsetningar for omstillingsprosessen som er naudsynt.

Seksjonane går inn i 2016 med eit krav om innsparingar på til saman kr 2,12 mill. Innsparingskrava er naudsynt for å gjøre det muleg å legge fram eit budsjett med eit nettodriftsresultat på 1,75 %. Samstundes er desse innsparingskrava både en logisk konsekvens av og eit tydeleg signal om dei massive økonomiske omstillingar Forsand kommune står over for.

Innsparingskrava fordeler seg slik:

|                               |                  |
|-------------------------------|------------------|
| Familie                       | 220 000          |
| Barnehage                     | 200 000          |
| Skule                         | 300 000          |
| Pleie og omsorg               | 400 000          |
| Funksjonshemma                | 250 000          |
| Kultur                        | 100 000          |
| Eigedom, drift og investering | 300 000          |
| Plan og forvaltning           | 100 000          |
| Fellestenester                | 250 000          |
| <u>SUM</u>                    | <u>2 120 000</u> |

I budsjettkommentarane til fellestenestar og seksjonane er det ikkje tatt høgde for desse ekstra innsparingskrav.

I rådmannen sitt forslag til budsjett har det ikkje blitt funna rom for nye tiltak. Det har ikkje vort muleg å finne budsjettmidlar til tilsetning av ny områdeleiar for kultur og teknisk. Dette inneberer at det er naudsynt med organisatoriske justeringar for å sikre ein optimal organisering basert på dei økonomiske rammebetingelsane.

I økonomiplanperioden 2016-2019 er realiteten at Forsand kommune må redusera kostnadsnivået på drift med mellom kr 20,0 og 25,0 mill. Dette svarar til en reduksjon på meir enn 11 % av det totale kostnadsnivå. Profilen på innsparingstiltaka som er lagt fram i dette budsjettforslag er at det:

1. I minst muleg grad skal få negative konsekvensar for innbyggjarane i Forsand kommune.
2. Ikkje skal være naudsynt å måtte seie opp tilsette.

Ein kan meine at profilen burde ha vært meir drastisk, mellom anna for å unngå at seksjonane tek med seg ikkje definerte innsparingskrav på kr 2,12 mill. inn i budsjettet for 2016. Rådmannen sitt syn har likevel vært at en omstilling av denne kaliber krev tid. Det er en utfordring å få forklart alvoret i situasjonen Forsand kommune står over for. Det er en utfordring å modne både budsjettansvarlege og det politiske nivået til oppgåvene som ventar.

Det politiske nivået må på banen og gi signaler om kva som skal prioriterast i åra som kommer. Kombinasjonen av nytt kommunestyre og framlegg av regjeringa sitt forslag til statsbudsjett 7. oktober gjorde det ikkje muleg å få til en prosess som involverte det politiske nivået i forslaget til budsjett for 2016. Denne involveringa vil likevel være høgt på dagsordenen i 2016. Rådmannen vil ta initiativ til at kommunestyret tidleg i 2016 involverast i omstillingsprosessen.

Innsparingstiltaka som må setjast i verk i 2016 vil få konsekvensar for brukara. Tiltaka vil kunne føre til at tilsette må seiast opp med mindre naturleg avgang vil gi naudsynte innsparingar. Fokus må rettast mot korleis vi kan jobbe smartare og bli meir effektive. Samstundes må det reduserast på dei tenestar som ikkje definerast som primærtjenestar. Men til og med nivået på primærtjenestane må reduserast. Utfordringa blir å sikre kvaliteten i tenestane. Forsking visar at det ikkje er samanheng mellom kvalitet og ressursbruk i tenestar. Innbyggjarane sin tilfredshet med kommunale tenestar syner ingen direkte samanheng med ressursbruk. Likevel smerter det å redusera. Vi må i høgare grad si «nei» enn tidlegare. Difor er det viktig at ikkje berre administrasjonen og det politiske nivået har kjennskap til behovet for omstilling. Det må og gis tydelege signaler til innbyggjarane om deira forventingar til kommunale tenestar må reduserast.

På dei neste sidene følgjer budsjettkommentarane og skjema med innsparingstiltak frå fellestenestar og seksjonane.

## Fellestenestar

Fellestenester har lagt inn innsparingstiltak på til saman kr 328 000 i budsjettet for 2016. Til tross for desse innsparingane er ramma for 2016 om lag kr 1 mill. høgare enn i 2015, frå kr 17,4 mill. til 18,4 mill.

En av hovudårska er auke i utgifter til IT som følgje av samarbeid med Stavanger IKT. Når vi ser på kriterium for val av ny driftsmodell (SAK KS-017/14) ser vi likevel at alle er oppfylt, med unntak av økonomisk konsekvens:

1. Økonomiske konsekvensar
2. Kvalitetsnivå
3. Stabil, bærekraftig og brukarvenleg drift
4. Robust fagleg miljø med naudsynt kompetanse på kommunalt driftsmiljø
5. Betre kommunikasjon internt, og mot andre offentlege aktørar
6. Utvikle og styrke elektroniske tenestetilbod og –omfang
7. Lokal styringsrett

Gevinsten ved ny driftsmodell vil ytterligare forsterke seg når ny driftsform har fått satt seg i organisasjonen.

Elles er det mest lønsmidlar i Fellestenester og lite som går til direkte tenesteproduksjon.

Innsparingstiltak som berører brukarane direkte er først og fremst å fjerna betalingsterminalen i servicetorget, elles vil det bli meir indirekte mot brukarane ved å redusera kompetanse ved innsparing på kurs, opplæring og vidareutdanning blant dei tilsette. Gåver, velferdstiltak vil ikkje råka brukarane direkte. Mindre annonsering vil forhåpentlegvis ikkje ha store konsekvensar.

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>                                 |                         |
|---|-------------------------|
| Seksjon/avdeling:   | Fellestenester politisk |
| Tiltak:   | Annonse                 |
| Forventa innsparing (årleg):                                  | 10.000                  |
| Beskrivelse av tiltak:  |                         |
| Annonser bare i Strandbuen – har kutta ut Stavanger Aftenblad |                         |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):             |                         |
| Tilsette : Ingen  |                         |
| Brukarar: Tvilsomt  |                         |

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>   |                         |
|---|-------------------------|
| Seksjon/avdeling:   | Fellestenester personal |
| Tiltak:   | Annonse                 |
| Forventa innsparing (årleg):  | 40.000                  |
| Beskrivelse av tiltak:  |                         |
| Ikkje lenger annonsering i riksmidia til stillingar som eks ingeniør, lege og andre fagstillingar |                         |

|   |  |
|---|--|
| som vi er avhengig av å gå utanfor vår region                 |  |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):             |  |
| Tilsette : rekrutteringsgrunnlaget vert redusert.             |  |
| Brukarar: kan få konsekvensar for tenestenivået til brukarar. |  |

| Innsparingstiltak 2016  |  |
|---|--|
| Seksjon/avdeling:   | Fellestenester servicetorg               |
| Tiltak:   | Kutte ut kaffimaskin (har avtale i 3 år) |
| Forventa innsparing (årleg):  | 32.000                                   |
| Beskrivelse av tiltak:  |  |
| Si opp avtalen på kaffemaskin i kantinen på kommunehuset.                       |  |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):                               |  |
| Kunder/tilsette får ikkje sjokolade og kaffelatte, kun te og traktekaffi igjen. |  |
| Maskinen kan eventuelt finansierast med egenandelar                             |  |

|  |                         |
|--|-------------------------|
| Seksjon/avdeling:                                  | Fellestenester personal |
| Tiltak:  | Kurs                    |
| Forventa innsparing (årleg):                       | 7.000                   |
| Beskrivelse av tiltak:                             |                         |
| Redusere kurs/opplæring.                           |                         |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):  |                         |
| Tilsette: mindre oppdatering på lov- og regelverk. |                         |
| Brukarar: svekka faglig servicenivå.               |                         |

| Innsparingstiltak 2016   |                         |
|--|-------------------------|
| Seksjon/avdeling:  | Fellestenester politisk |
| Tiltak:  | Kurs                    |
| Forventa innsparing (årleg):   | 10.000                  |
| Beskrivelse av tiltak:   |                         |
| Kurs -det er planlagt eit anna opplegg denne gang for nye politikarar (fellesopplæring Stand; Hjelmeland og Forsand) |                         |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):  |                         |
| Tilsette:  |                         |
| Brukarar:  |                         |

| Innsparingstiltak 2016  |                                      |
|---|--------------------------------------|
| Seksjon/avdeling:   | Fellestenester personalkontoret      |
| Tiltak:   | Velferdstiltak tilsette kan halveres |
| Forventa innsparing (årleg):  | 40.000                               |
| Beskrivelse av tiltak:  |                                      |
| Brukes til julebord for tilsette og diverse fellestiltak for tilsette.  |                                      |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):   |                                      |
| Tilsette får ikkje juleavslutning utan å betale eigenandel. Dette betyr at nokon ikkje kan eller vil delta av økonomiske årsaker. |                                      |

| Innsparingstiltak 2016                            |                        |
|---|------------------------|
| Seksjon/avdeling:                                 | Fellestenester økonomi |
| Tiltak:   | Kurs                   |
| Forventa innsparing (årleg):                      | 30.000                 |
| Beskrivelse av tiltak:                            |                        |
| Redusere kurs/opplæring.                          |                        |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.): |                        |



Fare for å miste faglig kompetanse, kan enda opp med feil rekneskap, risikerer å bruka mykje tid og ressursar på korrigeringar som kunne vore unngått med rett kompetanse, kortsiktig gevinst som kan enda med langsiktige feil/konsekvensar.

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>  |   |
|--|---|
| Seksjon/avdeling:  | Fellestenester personal   |
| Tiltak:  | Gåver tilsette, gullklokker 25 år og andre personalgåver utgår. |
| Forventa innsparing (årleg):   | 30.000  |
| Beskrivelse av tiltak:   |   |
| Brukes til markering av 25 års teneste for tilsette og diverse oppmerksomhet for tilsette.   |   |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):  |   |
| Tilsette: Gåvereglementet seier at tilsette skal ha gullklokke etter 25 års teneste, reglementet må då endres til billigare alternativ |   |
| Brukarar: Ingen  |   |

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>   |                            |
|---|----------------------------|
| Seksjon/avdeling:   | Fellestenester servicetorg |
| Tiltak:   | Ikkje ha betalingsterminal |
| Forventa innsparing (årleg):  | 11.000                     |
| Beskrivelse av tiltak:  |                            |
| Sei opp bankterminalen som er i servicetorget.  |                            |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):   |                            |
| Tilsette: Ingen   |                            |
| Brukarar: får ikkje handle på servicetorget når dei ikkje har kontanter. Dårleg tilbud mtp at det ikkje finst minibank og profilering av turistinformasjonen, terminalen vert og lånt ut til lag i samband med store arrangement som har omsetning. |                            |

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>   |                         |
|---|-------------------------|
| Seksjon/avdeling:   | Fellestenester personal |
| Tiltak:   | Felles opplæring        |
| Forventa innsparing (årleg):  | 18.000                  |
| Beskrivelse av tiltak:  |                         |
| Brukes elles til stipend for vidareutdanning for tilsette.  |                         |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):   |                         |
| Posten er justert til dei tiltaka som alt er innvilga, det er ikkje rom for nye tiltak i 2016. viktig at tilsette kan få ein stimulans til å vidareutdanne seg eller til å få den kompetansen som trengs i stillinga. |                         |

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>   |  |
|---|--|
| Seksjon/avdeling:   | Fellestenester personal                                |
| Tiltak:   | Lærlingar: Stopp for inntak av nye lærlingar neste år. |
| Forventa innsparing (årleg):  | 100.000  |
| Beskrivelse av tiltak:  |  |
| Vi har ikkje tatt inn nye lærlingar dette året heller.  |  |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):   |  |
| Vi har lærlingar inne nå men kan forskyve inntakstidspunktet for nye lærlingar til eksisterande er avslutta. Rekruttering av fagutdanna spesielt innan helse og omsorg vil bli vanskeleg. (Dei fleste lærlingane fortsetter etter endt læretid). Vi kan prioritere lærlingar i dei faga som vi har behov for. Eks. lærling for kontorlag er ikkje naudsynt, vi har kanskje nok av barne- og ungdomsarbeidarar i skule og barnehage, så det faget kan vi utsette nokon år. Helsefagarbeidarar bør vi prioritere. |  |

## Barnehagen

Barnehagen har hatt reduksjon i barnetalet i løpet av 2015, og har derfor redusert bemanninga med 2 stillingar frå august 2015. Innsparingstiltaka som er lagt inn i budsjettet frå januar 2016, fører til at barnehagen vil auke barnetalet utan å auke bemanninga tilsvarande barnetalet. Barnehagen sin ekstra vikarstilling vil frå 01.01.16 bli ein del av den ordinære bemanninga. Ved å endre organiseringa av pedagogane si lovfesta ubundne arbeidstid, vil barnehagen og kunne ta inn fleire barn utan å auke personalressursar.

Det er forventa ei auke i talet på barn frå august 2016. Om barnehagen kan ta imot alle barn som søker plass med dei ressursane som er sett av i budsjettet, vil ein ikkje få oversikt over før opptaksfristen er over, 1. mars 2016.

Då det har vore lite behov for spesialpedagogiske hjelpetiltak dei siste åra, er det ikkje sett av midlar til spesialpedagogisk hjelp for 2016.

Utfordringane for barnehagen er at ein har liten oversikt over kor mange barn som vil søkje plass i løpet av 2016, og om barn med spesielle behov er blant søkerane. Det er uvisst om det blir behov for meir ressursar frå hausten 2016, enn det som barnehagen har i dag.

Barnehagen går ut frå bemanningsnorma 3 barn under 3 år per vaksen og 6 barn over 3 år per vaksen.

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>  |  |
|--|--|
| Seksjon/avdeling:  | Barnehagen   |
| Tiltak:  | Ta bort stilling som fast vikar i barnehagen                   |
| Forventa innsparing (årleg):   | 300.000 (pga. økt vikarbruk sparer vi ikkje ein heil stilling) |
| Beskrivelse av tiltak:   |  |
| Stillinga er ein ekstra «på huset», utanom den ordinære bemanninga (som vi har ut frå norma om 3 barn under 3 år per vaksen, og 6 barn over 3 år per vaksen)<br>Stillinga gir barnehagen ein betre bemanning, og fører til at vikarbudsjettet er lågt. Stort sett er det berre vikarar inne ved langtidsfråvær.  |  |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):  |  |
| Innsparinga vil føre til auka utgifter til vikar ved korttidsfråvær. Det å ha ein fast vikar på huset, kvar dag, har ført til stabilitet i personalgruppa, då vi sjeldan treng å ta inn ulike ringevikarar. For barna betyr ein fast vikar auka stabilitet og auka vaksentetthet.<br>Denne stillinga har og gitt barnehagen muligheit til å ta inn ekstra barn (nye søkerar) i løpet av året, då ein liten auke i barnetallet ikkje går ut over norma for bemanning når vi tek med ekstrastillinga.<br>Det å ha ei ekstra stilling gir oss og muligheit til å gi litt ekstra hjelp og støtte til barn som treng det, til dømes minoritetsspråklige barn.<br>Det vil sannsynligvis ikkje bli overtalige blant dei tilsette, då barnehagen har fleire som er i permisjon i heile eller deler av si stilling. |  |

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>   |                                     |
|---|-------------------------------------|
| Seksjon/avdeling:   | Barnehagen                          |
| Tiltak:   | Redusere midlar til kurs og seminar |
| Forventa innsparing (årleg):  | 50.000                              |
| Beskrivelse av tiltak:  |                                     |
| Barnehagen reiser annakvart år på seminar med overnatting for heile personalet. |                                     |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):                               |                                     |

Personalturar gir auka trivsel og samhald i personalgruppa, og er eit godt arbeidsmiljø-tiltak.

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>  |   |
|--|---|
| Seksjon/avdeling:  | Barnehagen  |
| Tiltak:  | Ta bort kompensasjonsstilling for ubunden arbeidstid i barnehagen |
| Forventa innsparing (årleg):   | 200.000   |
| <b>Beskrivelse av tiltak:</b>  |   |
| Pedagogane har 4 timer ubunden arbeidstid i veka, og denne tida er samla, slik at pedagogane har ein dag til planlegging annakvar veke. Det blir sett inn personal når pedagogen har planleggingstid. Ved å leggje den ubundne arbeidstida i forkant eller etterkant av vaktene, vil vi kunne ta bort kompensasjonsstillinga, som vi bruker inn i dei vaktene pedagogane i dag har ubunden arbeidstid (planleggingstid). |   |
| <b>Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):</b>   |   |
| Større deler av dagen der personalet ikkje er fulltalige, betyr at barna får mindre vaksentetthet. Dårlegare vilkår for pedagogane, da de ikkje får ein heil dag til administrativt arbeid, men må stykke tida opp i små økter. Dårlegare vilkår for dei tilsette, då det større deler av dagen ikkje er fulltalige vaksne. Dette skaper meir tidspress for dei tilsette på morgonen og ettermiddagen.                   |   |

## Seksjon familie

Drifta ved seksjonen er i stor grad vidareført på nivå med 2015 med følgjande merknadar:

### *Førebyggjande teneste:*

I august 2015 vart det tilsett fagperson i ny 100 % stilling som leiar av førebyggjande teneste. Førebyggjande teneste omfattar jordmortenesta, helsestasjon for barn, skulehelseteneste og førebyggjande arbeid. Tilsettinga inneber ei styrking av det tverretatlege og tverrfaglege førebyggjande arbeidet. Ansvar for oppvekstplan, folkehelseplan og SLT er lagt til denne tenesta. Målet er at førebygging i større grad enn tidlegare skal gjennomsyre heile den kommunale organisasjonen i tillegg til å omfatte frivillig organisasjonsliv.

Når det gjeld jordmortenesta vil rådmannen arbeide for å få tilsett ei jordmor i 20 % stilling, eventuelt kjøpe tenester tilsvarende.

### *Barneverntenesta:*

Budsjettet for tenesta er redusert i samsvar med erfaringstal og prognoser. Reduksjonen inneber at tenesta har ein redusert buffer i høve til nye saker.

### *NAV:*

Rådmannen legg opp til at det for tenesta sosialhjelp skal definerast øvre grenser for husleige ved utmåling av sosialhjelp.

Det blir elles lagt inn ein viss aktivitetsauke på følgjande område: Økonomisk sosialhjelp. Grunn: Forventa fleire arbeidsledige. Auke utgifter til bustønad: Grunn: Flyktningemottak. Det vil bli søkt om statleg bustønad for familiarne, men truleg vil også den kommunale bustønaden vere aktuell ovafor flyktningefamiliarne.

### *Legetenesta:*

I 2015 vart Særavtale mellom legeforeningen og KS (SFS 2305) endra. Ein konsekvens av endringa er at legar skal ha fri etter legevakt på natt dersom dei har hatt utrykking etter kl. 23. I praksis inneber dette at legen har fri dagen etter legevakt. Dette inneber ein reduksjon i kapasiteten ved legekantoret og det inneber reduserte inntekter både frå brukarar og frå staten. Budsjettet for legetenesta måtte følgeleg justerast noko opp.

### *Legevakt:*

Budsjettet har lagt til grunn av den avtalen som har vore gjeldande mellom Strand og Forsand held fram også for 2016.

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>  |  |
|--|--|
| Seksjon/avdeling:  | Førebyggjande teneste                            |
| Tiltak:  | 20 % redusert stilling som leiande helsesystemer |
| Forventa innsparing (årleg):   | 130.000  |
| Beskrivelse av tiltak:   |  |
| Tenesta har nylig fått tilført 100 % ny stilling som leiar/oppvekstkoordinator. Denne stillinga vil i stor grad utføre tenester som ligg til skulehelsetenesta som vert utført av leiande helsesystemer. |  |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):  |  |
| Konsekvensane for brukarane vil såleis bli små – den positive auken i kvalitet og kapasitet vil bli noko mindre enn elles.   |  |

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>   |   |
|---|---|
| Seksjon/avdeling:   | Barnevern   |
| Tiltak:   | Reduksjon i budsjetttramme – løn for fosterheimar |
| Forventa innsparing (årleg):  | 200.000   |
| Beskrivelse av tiltak:  |   |
| Området ser ut til å vere overbudsjettet i inneverande år. I tillegg reknar avdelingar med vidare reduksjon i neste år. |   |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):   |   |
| Så langt me kan sjå er det ingen konsekvensar for brukarar. Buffer for eventuelle nye saker er redusert.                |   |

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>   |   |
|---|---|
| Seksjon/avdeling:   | Barnevern   |
| Tiltak:   | Redusert budsjetttramme – løn for avlastnings-/besøksheimar |
| Forventa innsparing (årleg):  | 200.000   |
| Beskrivelse av tiltak:  |   |
| Området ser ut til å vere overbudsjettet i inneverande år. I tillegg reknar avdelingar med vidare reduksjon i neste år. |   |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):   |   |
| Så langt me kan sjå er det ingen konsekvensar for brukarar. Buffer for eventuelle nye saker er redusert.                |   |

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>   |  |
|---|--|
| Seksjon/avdeling:   | Barnevern – Ansvar 225 Teneste 2520                  |
| Tiltak:   | Reduksjon budsjetttramme for utgiftsdekking Art 1165 |
| Forventa innsparing (årleg):  | 200.000  |
| Beskrivelse av tiltak:  |  |
| Området ser ut til å vere overbudsjettet i inneverande år. I tillegg reknar avdelingar med vidare reduksjon i neste år. |  |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):   |  |
| Så langt me kan sjå er det ingen konsekvensar for brukarar. Buffer for eventuelle nye saker er redusert.                |  |

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>  |  |
|--|--|
| Seksjon/avdeling:  | Sosialtjeneste/NAV – Ansvar 224 Teneste 2810   |
| Tiltak:  | Lage kommunale satsar for makspris på husleige |
| Forventa innsparing (årleg):   | 30.000   |
| Beskrivelse av tiltak:   |  |
| Fleire kommunar har laga kommunale satsar for makspris på stønad til husleige. Til dømes har Strand kommune makspris for husleige for ein einsleg på kr 6.000. I Forsand har me ikkje slike satsar å forhalde oss til og me har fleire einslege som har stønad frå oss til relativt høge husleiger. Med ein kommunal sats hadde det vore eit endå eit argument for å gje avslag og be dei finna rimeligare bustad. |  |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):  |  |
| Det er til eikvar tid lite ledige bustader på Forsand til utleige. Pr i dag har me fleire brukarar som har for høg husleige til at dei kan klare å betale den sjølv på sikt. Men det er lite alternativ til dei, då det som regel ikkje er ledige andre bustader. Alternativet ved eit eventuelt avslag på søknad om husleigestønad kan vere å be dei sjå etter bustad utanfor kommunen.                           |  |

## Seksjon funksjonshemma

Tenesta innehelder Brønnabakka bu og avlastningsteneste, ATO-avdeling på skolen, brukarstyrt personlig assistent, eldre og funksjonshemma aktivisering og støttetjenester, hjelp til heimebuande, arbeidsretta tiltak i kommunal regi og kjøp av tenester i anna kommune.

Lønnsartane er justerte til endra behov, og budsjettets statstilskot er redusert. Det er vanskelig å si kor vidt vikarposter, permisjon, overtid holder slik de er budsjettert. Vi fortsetter med vurdering på korleis vi kan nytte ressursar best mulig, på tvers av avdelinga og i samarbeid med PLO, psykiatri tenesta.

Statstilskot kr. 7,47 mill. var budsjettert som tilskot til ressurskrevjande tenester i 2015. For 2016 er statstilskotet budsjettert med ein inntekt på kr 5,6 mill., altså ein forventa lågare inntekt på kr. 1,87 mill. Antall rapporterte tenester på dette området er beregnet til 3 avdelingar i 2016 opp mot 4 avdelingar i 2015. I 2015 undersøkte vi muligheita til å leggja lønnsutgifter på ATO skole med, dette viser seg å være vanskelig på grunn av opplæringsloven. Dermed er 2015 budsjett misvisande som utgangspunkt for 2016 budsjett.

Brukarstyrt personlig assistent er budsjettert med ein auke utover tildelt ramme med lønnsauking på området. Ein reknar med at dette er ein teneste som vil bli meir etterspurt i årene som kommer blant innbyggjarane i kommunen med moderat til stort hjelpebehov. Det er lagt politiske føringar for rettighetsfesting av denne tenesta. Kommunene skal via statsbudsjett for 2015 fått tilført kr 220.000.

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>   |   |
|---|---|
| Seksjon/avdeling:   | ATO Forsand Skole   |
| Tiltak:   | Gjennomført sparetiltak:<br>Vi har kutta ein 60% miljøarbeidarstilling. |
| Forventa innsparing (årleg):  | 350.000 årleg på miljøarbeidarstilling.                                 |
| Beskrivelse av tiltak:  |   |
| Vi har redusert bemanninga med 60 % stilling, tiltaket starta vår 2015. Vi kontakta andre kommunar for å samanlikna drifta. Dette resulterte i at alle miljøarbeiderane og miljøterapeutar har fått redusert planleggingstid. Samtidig måtte vi endra timeplan for å få drifta til å gå rundt med mindre ressursar. |   |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):   |   |
| Konsekvensar for brukara etter vi kutta 60 % stilling er ingen, etter evaluering haust 2015, men avdelinga er mer sårbar ved sykdom, noe som vi ikkje kan gardere oss mot.  |   |

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>  |   |
|--|---|
| Seksjon/avdeling:  | Brønnabakka bu og avlastningsteneste  |
| Tiltak:  | Gjennomført sparetiltak:<br>Vi har kutta transport i alle skoleferier, tiltaket starta vår 2015. Redusere matinnkjøp. |
| Forventa innsparing (årleg):   | 100.000 årleg i transport<br>12.000 årleg i mat   |
| Beskrivelse av tiltak:   |   |
| Transport: God informasjon til føresette og tilsette i forkant av tiltak. Oversiktplan til føresette og tilsette om kva tid barnet skal hentast og bringast.<br>Matinnkjøp: Vi samarbeidar i plenum om dette, og har laga veke meny, får levert mat på døra 1 gong i veka frå joker. |   |

|   |
|---|
| Tiltak som bør ses på:<br>Sammanliknar vi oss med andre kommuner har flere avlastningar stengt 14 dagar sommarstid. Vi gir ekstra tilbod, slik at alle føresette har 14 dagar sammanhengande fri. Å øke avlastning samtidig som tilsette skal ta ut ferie er ein krevande kabal. Med så god avlastning heile året vil kanskje 14 dagar stengt om sommaren være hensiktsmessig for barna og økonomien. Noen føresette vil nok føle dette som krevande. |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):   |
| Å kutte transporten har ingen konsekvens for brukar. Føresette skal ha ansvar for å bringe og hente barnet sitt. Dette fungerte godt både påsken og sommaren 2015.  |

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>   |                                      |
|---|--------------------------------------|
| Seksjon/avdeling:   | Eldre og Funksjonshemma aktivisering |
| Tiltak:   | Ulike sparetiltak                    |
| Forventa innsparing (årleg):  | 60.000 Innsparing transport          |
| Beskrivelse av tiltak:  |                                      |
| <i>Gjennomført sparetiltak:</i><br>Avd funksjonshemma, Psykiatri og Kultur deler nå transportutgifter til Jørpeland. Dette er brukara som skal på Avanti og voksenopplæring/språkopplæring. Fram til hausten 2015 gav avdeling funksjonshemma tilbod om transport 3 dagar i veke, no er tilbodet auka til 5 dagar pr veke, pga at vi er 3 avdelingar som deler utgifter. Sparetiltak på 60.000 er sett i samanheng med eit auka tilbod. Slik sett er transportkostnadar ikkje redusert med 60.000 etter 2015 budsjett, men er rekna ut ifrå nåverande tilbod. |                                      |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):   |                                      |
| Ingen   |                                      |

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>  |   |
|--|---|
| Seksjon/avdeling:  | Hjelp til heimebuande   |
| Tiltak:  | Kutte omsorgslønn til 4 personer.<br>Kutte 2 stillingar som fritidskontakter. |
| Forventa innsparing (årleg):   | Omsorgslønn innsparing: 230.000<br>Fritidskontakter innsparing: 150.000       |
| Beskrivelse av tiltak:   |   |
| Oppsigelse til 4 personer ang omsorgslønn.<br>Oppsigelse til 2 fritidskontakter  |   |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):  |   |
| <i>Omsorgslønn:</i><br>Ingen konsekvens for brukar. Føresette har muligheit til å søke arbeid på grunn av god avlastningstilbod i kommunen. Forsand kommune opna Brønnabakka bu og avlastningsteneste 8 juli 2015. Forsand kommune kan gi eit betre tilbod til barn med ulike hjelpebehov. 3 brukara har flytta inn i barnebustad. Her bor barna 70 %. 1 barn har god avlastning. Vurdering nå viser at omsorgslønn er ikkje lengre nødvendig som hjelpetiltak. Omsorgslønna vært vurdert 1 gong pr. år. Føresette har mindre tyngande omsorgsarbeid. Tenesta er ikkje ein reell kompensasjon for tapt arbeidsforteneste.<br><i>Fritidskontakter:</i><br>2 brukara mister eit tilbod i kommunen, men har fortsatt tilknytning til psykiatritjenesta. |   |

## Kulturseksjonen

Redusert ramme i 2016 gir nedlegging av kommunal drift av kafé Mula, mindre reduksjon i tenestetilboda aktivitetssenter, bibliotek og fritidsklubb, samt krav om å henta inn ekstern finansiering av fleire kulturprosjekt.

I budsjettet for 2016 prioriterer kulturseksjonen biblioteket som i Forsand også er skulebibliotek. I samsvar med biblioteklova skal biblioteket i framtida ha eit meir «forpliktande innhald» og driva «aktiv formidling» og vera «møteplass for offentleg samtale og debatt». Er då behov for tilrettelegging av lokalitetane.

Som eit resultat av nedskjeringar i budsjett 2015 blei det årlege driftstilskotet til Ryfylkemuseet avvikla. Ryfylkemuseet ber no i søknad kommunen vurderer å gjeninnføra det årlege tilskotet. Samarbeid og dialog med Ryfylkemuseet er frå hausten 2015 blitt langt betre. Ein er i gong med fleire fellesprosjekt som bl.a. registrering/fotografering og dokumentering alle gjenstandane i vårt lokale bygdemuseum på data. I tillegg til at Ryfylkemuseet gir råd ved bruk av sjøhuset i Bergevik og er medspelar ved ev. framtidig lokalt bygdemuseum i t.d Lensmannhuset. I eit større dokumenterings- og formidlingsprosjekt ser ein og på krafthistoria i Lysefjorden. Det har likevel ikkje blitt funnet midlar til å imøtekomme søknaden frå Ryfylkemuseet i budsjettforslaget for 2016.

Frå sommaren 2015 fekk kultur tillagt eit nytt tenesteområde; Flyktingtenesta. Det er ikkje avsett kommunale midlar til drifta. Statleg tilskot er meint å dekke utgiftene som kommunen har ved mottak av flyktingar dei 5 første åra.

### *Investeringsbehov 2016*

Kr 450.000 bygningsmessige endringar og audiovisuelt utstyr som gjer biblioteket tilpassa framtidens behov. I dag er det ikkje muleg å ha arrangement/aktiviteter i biblioteket si opningstid. Det går særleg ut over tilbodet for barn og unge/skuleelevar.

Rådmannen har ikkje funnet rom for dette investeringsbehovet i økonomiplanen for 2016-2019.

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>  |                          |
|--|--------------------------|
| Seksjon/avdeling:  | Kultur/Kultur og teknisk |
| Tiltak:  | Kafe Mula                |
| Forventa innsparing (årleg):   | 200.000                  |
| Beskrivelse av tiltak:   |                          |
| Nedlegging av tenesta i den form ein driv i dag. Stilling ledig då tilsett blir pensjonist |                          |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):  |                          |
| Se eigen temasak.  |                          |

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>   |                          |
|---|--------------------------|
| Seksjon/avdeling:   | Kultur/Kultur og teknisk |
| Tiltak:   | Aktivitetssenteret       |
| Forventa innsparing (årleg):  | 20.000                   |
| Beskrivelse av tiltak:  |                          |
| Ser på alle aktivitetar. I første omgang reduksjon i kulturprogramma. Billettpris kan ev. gje auke i tilboda. Ser og på om det er nødvendig med bruk av vikar ved feriar. Ved å analysere aktivitetsnivået mot stillingsstørrelse kan ein på sikt sjå på aktivitetstillinga.. |                          |



|  |  |
|--|--|
| <b>Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):</b>   |  |
| Ingen dramatik så lenge me framleis har 2-4 årlege arr. gjennom Den kulturelle Spaserstokken som er eit samarbeidet med kommunane Strand/Rennesøy og Sauda som vil gje brukarane våre kulturprogram med artistar utanfrå. Drift utan vikar er alt praktisert i inneverande år, gir feriestengt aktivitetssenter. Umuleg å basera dagleg drift på frivillighet. Ut frå dagens aktivitetsnivå kan det i framtida vera forsvarleg å redusera stillinga frå 80 % til 60 %, når stillinga blir ledig. |  |

|   |                          |
|---|--------------------------|
| <b>Innsparingstiltak 2016</b>   |                          |
| Seksjon/avdeling:   | Kultur/Kultur og teknisk |
| Tiltak:   | Kulturkontoret           |
| Forventa innsparing (årleg):  | 30.000                   |
| <b>Beskrivelse av tiltak:</b>   |                          |
| Auka inntekter/tilskot utanfrå  |                          |
| <b>Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):</b>  |                          |
| Vil oppretthalda dagens kommunale tilskotsordningar til frivillige. Stimulera til å søkja tilskot og bruka <a href="http://www.tilskotsportalen.no">www.tilskotsportalen.no</a> til prosjekt, arrangement og samarbeida interkommunalt gir fleire gode kulturarrangement og aktivitetar |                          |

|  |                          |
|--|--------------------------|
| <b>Innsparingstiltak 2016</b>                                      |                          |
| Seksjon/avdeling:  | Kultur/Kultur og teknisk |
| Tiltak:  | Bibliotek                |
| Forventa innsparing (årleg):                                       | 20.000                   |
| <b>Beskrivelse av tiltak:</b>                                      |                          |
| Reduksjon av drift av biblioteket ev aktivitetar/kulturprogram     |                          |
| <b>Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):</b>           |                          |
| Mindre kulturarrangement/opne førestillingar i regi av biblioteket |                          |

|   |                          |
|---|--------------------------|
| <b>Innsparingstiltak 2016</b>   |                          |
| Seksjon/avdeling:   | Kultur/Kultur og teknisk |
| Tiltak:   | Fritidsklubben           |
| Forventa innsparing (årleg):  | 20.000                   |
| <b>Beskrivelse av tiltak:</b>   |                          |
| Aktivitetar barn/unge/fritidsklubb  |                          |
| <b>Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):</b>  |                          |
| Mindre kulturarrangement i fritidsklubben, ev. større del finansiert med eksterne tilskot, t.d interkommunale samarbeidsprosjekt. Auka eigenbetaling ved aktivitetar. |                          |

## Pleie og omsorg

Budsjettforlaget med innsparingstiltak på 5 % vil medføre at vi bl.a. må redusere bemanninga i pleien og på kjøkken. Konsekvensane er beskrevet meir detaljert under kvar enkelt forslag til innsparingstiltak. I hovudtrekk vil det medføre ei auka belastning for dei tilsette, noko som igjen kan påverka sjukefråveret som den siste tida har vore høgt. Vi har sidan februar 2015 auka grunnbemanninga noko for å sjå om det bl.a. kunne få ned sjukefråveret. Fråveret har gått ned frå 13,2 % første kvartal til 9,9 % andre kvartal. Innsparinga vil og medføre at det ikkje vil vere bemanning på kjøkkenet på laurdagar. Vi vil prøve å halde same standard på tenestene våre, men ser ikkje vekk i frå at den må reduserast noko (institusjonstenestar, heimesjukepleie, heimhjelp, kjøkken, vaskeri, fotterapi og ergoterapi). Standaren må i kvart enkelt tilfelle vurderast opp mot kva som er forsvarleg

I skrivande stund er det fullt på begge gruppene, med svært pleietrengande pasientar. Det er 1 ledig omsorgsbustad og 2 ledige trygdebustadar. Heimetenesta har stort sett same tall på brukarar.

Vi fokuserer fortsatt på førebygging bl.a. gjennom kvardagsrehabilitering og trimgrupper. Vi er fortsatt med i prosjekt angående velferdsteknologi saman med Hjelmeland og Strand. Øyeblikkelig-hjelp sengene vart starta opp på Jonsokberget 01.09.15.

Vi har inga problem med å skaffe kvalifisert personell i faste stillingar. Vikariat og tilkallingsvikarar kan derimot vere utfordrande.

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>   |   |
|---|---|
| Seksjon/avdeling:   | Pleie og omsorg   |
| Tiltak:   | Ny organisering med seksjonsleder og nesteleder i staden for seksjonsleder og 2 gruppeleiare. |
| Forventa innsparing (årleg):  | 500.000   |
| Beskrivelse av tiltak:  |   |
| Behalde den organiseringa som er nå med seksjonsleder, nestleder og fagansvarlig på gruppe 1 og gruppe 2. |   |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):   |   |
| Den nye organiseringa har vi hatt sidan 1. februar 2015. Erfaringa til nå er at den fungerer bra.         |   |

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>   |  |
|---|--|
| Seksjon/avdeling:   | Pleie og omsorg                        |
| Tiltak:   | Innføre betaling for tryggleiksalarmer |
| Forventa innsparing (årleg):  | Kr 73.000 (sjølvkost)                  |
| Beskrivelse av tiltak:  |  |
| Innføre betaling for tryggleiksalarmane. Forsand kommune betaler kr 72 396 pr. år for 35 tryggleiksalarmer. Det vil seie kr 172 pr. alarm pr. måned. Det er ulik praksis i kommunane. Eg har sjekka med Strand og Hjelmeland kommune som driv etter sjølvkostprinsippet. Strand har ein eigenbetaling på kr 242 og Hjelmeland kr 360. Oppstartspris for nye brukara inkl. nøkkelboks og montering ca. kr 700. |  |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):   |  |
| Auka utgifter for brukara av tryggleiksalarmer.   |  |

| <b>Innsparingstiltak 2016</b> |                 |
|-------------------------------|-----------------|
| Seksjon/avdeling:             | Pleie og omsorg |

|   |                                |
|---|--------------------------------|
| Tiltak:   | Auka betalingsattsar på middag |
| Forventa innsparing (årleg):  | 110.000                        |
| Beskrivelse av tiltak:  |                                |
| <p>Auke prisane på middag. Prisane er i dag differensiert ut frå inntekt:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Under 2 G: middag kr 32, grøt kr 20</li> <li>- Over 2 G: middag kr 67, grøt 27</li> <li>- Kafe/gjester: middag kr 94, grøt kr 40</li> </ul> <p>Innføre lik betaling for alle som mottar middag (<u>ikkje</u> ta utgangspunkt i inntekt):</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Middag kr 77, grøt 32</li> <li>- Kafe/gjester: middag kr 100, grøt kr 50</li> </ul> <p>Det er ulik praksis i kommunane. Nokre har fast pris uavhengig av inntekt mens andre set pris ut frå inntekt.</p> |                                |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):   |                                |
| Auka matutgifter for brukara.   |                                |

|   |                                       |
|---|---------------------------------------|
| <b>Innsparingstiltak 2016</b>   |                                       |
| Seksjon/avdeling:   | Pleie og omsorg                       |
| Tiltak:   | Kutte fagutviklarstillinga på 33,79 % |
| Forventa innsparing (årleg):  | 216.000                               |
| Beskrivelse av tiltak:  |                                       |
| <p>Den som har fagutviklarstillinga må gå inn i direkte pasientarbeid, som ein del av grunnbemanninga. Dette kan gjerast ved at vi ikkje lyser ut 33,79 % av stillinga til ein tilsette som går av med pensjon. Det vil då vere snakk om ein endringsoppseiing.</p>   |                                       |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):   |                                       |
| <p>Pleie og omsorg har hatt denne stillinga sidan 1. september 2012. Fagutviklaren skal på vegne av pleie og omsorgsleiar utføre oppgåver innan undervisning, fagutvikling og opplæring slik at dei tilsette vert best mogleg i stand til å yte tenester med god kvalitet og på eit høgt faglig nivå.</p> <p>Våre tenestemottakarar kjem tidligare heim frå sjukehus enn dei gjorde før. Mange har og eit komplisert sjukdomsbilete. Mykje av behandlinga som før vart gjort på sjukehuset blir nå utført i kommunen. Dette medfører at vi har eit større behov enn tidligare på å være faglig oppdaterte og kunne handtere dei pasientane som kjem til oss på kort varsel. Fagutviklaren skal ligge i forkant slik at dei tilsette er opplærde/oppdatererte og har den kompetansen som vi til ei kvar tid treng. Den har og ansvar for at prosedyrar og nødvendig utstyr er på plass.</p> <p>Som helsepersonell har vi ansvar for å være faglig oppdaterte slik at vi kan utføre forsvarlig og omsorgsfull helsehjelp. I den daglige drifta er det lite tid til dette, då vi må prioritere nødvendig helsehjelp (stell, mat, medisinar, dokumentasjon osv.) Fagutviklaren har avsett tid til dette arbeidet og vil dermed «avlaste» dei andre tilsette. Det vil bli vanskeligare for kvar enkelt tilsett å sjølv sørge for oppdatert og naudsynt kompetanse på dei ulike områda til ei kvar tid. Dette vil igjen kunne gå ut over pasientane våre.</p> <p>Mange arbeidsplasser slit med å få tak i kvalifisert personell. Pleie og omsorg har ikkje hatt dette problemet. Eit godt faglig miljø, med oppdatert kunnskap og kompetanse, er ein viktig faktor for å være ein attraktiv arbeidsplass.</p> |                                       |

|  |                                |
|--|--------------------------------|
| <b>Innsparingstiltak 2016</b>  |                                |
| Seksjon/avdeling:  | Pleie og omsorg                |
| Tiltak:  | Redusere bemanninga på kjøkken |
| Forventa innsparing (årleg):   | 270.000                        |
| Beskrivelse av tiltak:   |                                |
| Legge om turnusen på kjøkken. Ingen bemanning på laurdagen. I tillegg at tilsette jobbar 3. kvar |                                |

|   |
|---|
| sundag i staden for 5. kvar sundag.   |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):   |
| Kjøkkenet må lage klar grauten og den varme retten til laurdagskveld på fredagen. Tilsette på jobb laurdag må varme grauten sjølv på avdelingane. Dei heimebuande som elles et i kafeen må kjøpe mikroovn og eventuelt få hjelp frå heimesjukepleia til å varme grauten. Helgene er allereie travle for dei som er på jobb og dette vil auke arbeidsbelastninga. I tillegg vil bebuarane mista den sosiale delen med å ete i kafé-en denne dagen.<br>Vil føre til overtalige på kjøkkenet som eventuelt må omplasserast/seiast opp. |

|   |                          |
|---|--------------------------|
| Innsparingstiltak 2016  |                          |
| Seksjon/avdeling:   | Pleie og omsorg          |
| Tiltak:   | Redusere grunnbemanninga |
| Forventa innsparing (årleg):  | 610.000                  |
| Beskrivelse av tiltak:  |                          |
| Vi har ein tilsette i 95 % stilling som sluttar hausten 2015 og ein tilsett som har søkt om å redusere stillinga si med 10 %. Dette er på gruppe 2 som ikkje kan redusere grunnbemanninga meir enn slik den er nå. Årsaka til det er at den allereie er på eit minimum for å kunne gi forsvarlig helsehjelp. 105 % må i tilfellet reduserast på gruppe 1.   |                          |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):   |                          |
| Pleie og omsorg har dei siste åra hatt eit stort behov for vikarar. For å få nok vikarar medførte det at vi tilsette faste vikarar i til saman 375 % stilling. Desse var ikkje ein del av grunnbemanninga men <i>skulle bare dekke ledige vakter</i> . Dette viser det store behovet som har vore for innleie.  |                          |
| Då behovet for vikarar har vore jamt høgt dei siste åra valte eg å auke grunnbemanninga f.o.m. 1. februar 2015. Dette bl.a. for å skape meir forutsigbarheit for dei tilsette, redusere behovet for vikarinnleie, minske belastninga og forhåpentlegvis redusere sjukefråværet, samt redusere tida vi bruker på å få tak i vikarar. Ein del av dei fast tilsette vikarane blei satt inn i grunnturnus. I tillegg blei turnusen gjort om slik at ein del tilsette fekk kortare vakter og på den måten fleire vakter. Dette medførte at vi fikk ein grunnturnus med 1 person meir på dagvakt tysdag – sundag. |                          |
| Våre tenestemottakarar kjem tidligare heim frå sjukehus enn dei gjorde før. Mange har og eit komplisert sjukdomsbilete. Mykje av behandlinga som før vart gjort på sjukehuset blir nå utført i kommunen. Alt dette medfører at kvar enkelt pasient krev meir ressursar frå oss. I tillegg har vi fleire unge ressurskrevjande brukarar.   |                          |
| Ny lov frå 1. januar 2014 gir arbeidstakarar i ufrivillig deltid rett til å auka stillinga si til det han faktisk har jobba dei siste 12 månadene. Vi har til nå fått inn 2 krav på å auka stillingsprosent. Ein konsekvens av dette kan bli at dersom grunnbemanninga blir for låg og deltidstilsette stadig må gå ekstravakter blir det fleire som etter ei tid vil kunne krevje større stilling. Dersom grunnbemanninga fortsett slik som nå vil vi ha mindre risiko for at dette vil gjelde mange, då vi ikkje vil ha like stort behov for vikarar.   |                          |
| Vi vurderer fortløpande behov for å leie inn ved fråvær. I rolige periodar kan vi klare oss med 1 person mindre mens i travle periodar kan det bli naudsynt å leie inn ekstra ut over normal grunnbemanning. Talet på pasientar og kor mykje hjelp dei har behov for vil svinge, og som ei lita verksemd er vi sårbare for desse svingingane.   |                          |
| Eg trur at ei reduksjon i grunnbemanninga kan medfører større utgifter enn me sparar i form av for eksempel sjukemeldingar hos tilsette. Det store behovet for vikarar som har vore dei siste åra viser at grunnbemanninga har vore for låg i forhold til dei brukarane me har nå.  |                          |

## Skule

For å kunna redusera utgiftene ihht. ramma for skulen er det lagt inn kutt i bemanninga. Me har hatt ei 50 % pedagogstilling eller tilsvarande barne- og ungdomsstilling (BUA) i vakans, alt etter korleis behovet har vore. For 2016 har me kutta denne 50 % stillinga. Å ikkje kunna bruka denne stillinga vil medføra at me har lite ressursar å setja inn for å hjelpa elevar som slit og for å handsama klassar med utfordringar.

Me har også kutta i to-lærarressursen tilsvarande 65 % på årsbasis. Prinsippet vil vera å fjerna to-lærarressursen i basisfaga frå ungdomstrinnet og nedover (der han ikkje alt er fjerna). Det er ikkje lovkrav til å ha styrka bemanning anna enn i basisfaga i småskulen. Kutt av to-lærarressursen vil i nokre klassar merkast godt, men i andre klassar ikkje ha dramatiske konsekvensar. Viss ekstra behov dukkar opp, vil me ha liten kapasitet til å løysa det. Konsekvensen av lågare bemanning vil vera at elevane kan oppleva noko mindre tilpassa undervisning. For personalet vil kvardagen bli travlære. Ein del av PPT sine sakkunnige vurderingar er gitt ut frå to lærarar i basisfaga, og talet på timar til spesialundervisning vil kunna auka av denne grunnen.

Fleire pedagogar er i aldersgruppa som har krav på reduksjon av elevretta arbeid pga. alder (frå 58 år) – det bind pr. nå opp ei 40 % stilling.

Fleire av våre elevar med ekstra ressursar sluttar til våren. To av desse er gjesteelevar i andre kommunar som me har betalt skulegangen for. At desse to sluttar medfører ikkje mindre behov for stillingar. Når ressurskrevjande elevar på huset sluttar, medfører det billegare drift, og det er tilfellet frå hausten av. Innsparing på elevar som sluttar er rekna til om lag kr 550.000.

Strand kommune har varsla ein annan betalingsmodell for PPT og at kommunane må rekna med auka kostnader. For vår del vil kostnaden doblast (til kr 1,1 mill.).

Den Kulturelle Skulesekken (DKS) i Forsand er svært velfylt. I 2016 skal DKS-planen reviderast, men det er i budsjettforslaget forskottert kutt i opplegg på Garden for 6. klasse frå hausten (dvs. at berre 5. klasse får halda fram der), fjerna diverse ekskursjonar for elevane (Tine-stafetten, besøk i rettssal for 9. klasse, diverse bussturar i nærmiljøet mtp. stadnamn, fjellturar). Total innsparing DKS blir då kr 50.000. Viss utanlandsturen for 10. klasse skal kuttast, vil han pga. dugnadsarbeidet som alt er godt i gang, først kunna kuttast i 2017.

Me har lagt opp til kutt i eingongsmateriell i småskulen. Det er mogleg ved å velja å bruka pc i større grad.

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>   |  |
|---|--|
| Seksjon/avdeling:   | Skulen   |
| Tiltak:   | Billegare drift: Ressurskrevjande elevar sluttar |
| Forventa innsparing (årleg):  | 550.000  |
| Beskrivelse av tiltak:  |  |
| Elevar sluttar. To av dei er gjesteelevar i andre kommunar.   |  |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):   |  |
| Utlegg på to gjesteelevar i andre kommunar (fosterbarn) fell bort frå hausten 2016 når dei er ferdige med grunnskulen. Ein ressurskrevjande elev hos oss sluttar også, og kostnadene til undervisning går litt ned. |  |

Dersom det kjem nye elevar med spesielle behov, har skulen ikkje ressursar til å møta deira behov.

#### **Innsparingstiltak 2016**

|   |   |
|---|---|
| Seksjon/avdeling:                                 | Skulen  |
| Tiltak:   | Billegare drift: Kutta i to-lærarressursen frå ungdomstrinnet og mellomtrinnet  |
| Forventa innsparing (årleg):                      | 415.000   |
| Beskrivelse av tiltak:                            | Den eine læraren i basisfaga blir fjerna i nokre timar/klassar til  |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.): | Dårlegare tilpassa opplæring til den einskilde elev. Vil gå ut over dei elevane som er svake, men ikkje svake nok til å ha rett på spesialundervisning. Vil kunna medføra at fleire elevar vil ha behov for spesialundervisning. Vil også kunna medføra større frustrasjon hos elevar og meir utagerande åtferd enn i dag.<br>Tiltaket kan medføra at det blir vanskeleg å syta for tilpassa opplæring til elevane (lovkrav). |

#### **Innsparingstiltak 2016**

|   |  |
|---|--|
| Seksjon/avdeling:                                 | Skulen   |
| Tiltak:   | Kutta deltaking i Tinstafetten   |
| Forventa innsparing (årleg):                      | 8.000 i bussutgift   |
| Beskrivelse av tiltak:                            | Klassar som stiller lag i Tinstafetten får delta og stilla med resten av klassen som heiajeng. Dette kan avsluttast.   |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.): | Mindre fysisk aktivitet hos elevar.<br>Nyttig for elevar å treffa elevar frå andre kommunar.<br>Eit populært tiltak som ikkje er lovpålagt som vil gjera nokre elevar skuffa viss det fell bort. |

#### **Innsparingstiltak 2016**

|   |   |
|---|---|
| Seksjon/avdeling:                                 | Skulen  |
| Tiltak:   | Besøk i rettsal (9. klasse)   |
| Forventa innsparing (årleg):                      | 7.000 i bussutgift  |
| Beskrivelse av tiltak:                            | Under besøket i rettsal for 9. klasse ser dei korleis ei rettsak fungerer ved sjølvsyn.   |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.): | Elevane vil mista høvet til å sjå korleis ei rettsak fungerer ved sjølvsyn. Dei vil framleis læra om rettsaker og bruk av film vil kunna erstatta noko av det som går tapt. |

#### **Innsparingstiltak 2016**

|   |  |
|---|--|
| Seksjon/avdeling:                                 | Skulen   |
| Tiltak:   | Flytta fjelltur for ungdomstrinnet til nærmiljøet  |
| Forventa innsparing (årleg):                      | 6.000 i bussutgift   |
| Beskrivelse av tiltak:                            | Arrangera fjelltur i nærmiljøet i staden for lenger vekke.   |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.): | Elevane vil ikkje få gå turar som er noko lenger vekk enn i umiddelbar nærleik til skulen. Turar til Vikastakken, Oaland-Skrøyla, Botshei-Meling vil falla bort.<br>Det sosiale aspektet vil ein behalda ved å ha turar i nærområdet. Motivasjonen for turane vil kanskje verta noko mindre sidan elevane vil ha gått turar i nærområdet tidlegare, f eks til Uburen, Bergfjellet eller Kvelven/Stølsvatnet/Byrkelandsvatnet.<br>Elevane får mindre kjennskap til bygda si, med mindre foreldre tar dei med på fjellturar. |

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>  |   |
|--|---|
| Seksjon/avdeling:  | Skulen  |
| Tiltak:  | Diverse turar i nærmiljøet for småskulen og mellomtrinnet |
| Forventa innsparing (årleg):   | 9.000   |
| Beskrivelse av tiltak:   |   |
| Turar i grendene i bygda med fokus på lokalnamn.   |   |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):  |   |
| Elevar har ikkje nødvendigvis kjennskap til stadnamna i bygda. Ein del elevar har aldri vore rundt i utkantane. Viss turane forsvinn, vil det verta meir opp til føresette om dei syter for lokalkunnskap i praksis. |   |

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>   |  |
|---|--|
| Seksjon/avdeling:   | Skulen                                       |
| Tiltak:   | Kutta i bruken av eingongsbøker på småskulen |
| Forventa innsparing (årleg):  | 5.000  |
| Beskrivelse av tiltak:  |  |
| Bruka pc til skrivning, og mindre eingongsbøker i småskulen   |  |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):   |  |
| Elevar vil læra å lesa ved å skriva på pc (Trageton-metoden frå 1. klasse) som er ein god metode.   |  |
| Elevane lærer å lesa og skriva, men på ein annan måte enn den tradisjonelle. Handskrift blir øvd inn på eit seinare tidspunkt i skuleløpet. |  |

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>   |   |
|---|---|
| Seksjon/avdeling:   | Skulen  |
| Tiltak:   | Kutta Garden som undervisningstilbod for 5. og 6. klasse  |
| Forventa innsparing (årleg):  | 60.000 (for 2016 mogleg å kutta 30.000 for hausthalvåret) |
| Beskrivelse av tiltak:  |   |
| Elevar i 5. klasse har pedagogisk opplegg på Garden hos Hilde Orkelbog Madland. Elevane får oppgåver med dyr og gards- og kjøkkenhagestell. 5. klasse har opplegg heile skuleåret medan 6. klasse har om hausten.   |   |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):   |   |
| Elevar har stort utbytte av gardsarbeidet og opplever mestring i arbeidet og med dyra. Ofte er det elevar som ikkje nødvendigvis har størst mestring i klasserommet som har best utbytte av opplegget på Garden. Sjølv om me bur i ein jordbrukskommune, er det heller få elevar som faktisk kjenner til livet på ein gard. |   |
| Elevane sykklar til og frå Garden og får litt trim og sosialt samvær.   |   |
| Det elevane lærer på Garden, kan dei i teorien læra i klasserommet, men det vil ikkje vera like godt. Kontakt med dyr kan ikkje vera teoretisk. Å leggja ned tilbodet vil føra til at mange elevar blir skuffa over å måtta ta til takke med teoretisk undervisning.  |   |

## Eigedom, drift og investering

Budsjettforslaget for 2016 er ein reell nedgang frå inneverande år på kr 0,5 mill . For å kompensere den reelle nedgangen og lønsauke er det føreslått ei auke i vass og avlaups årsavgifta på 20 % samt redusera aktiviteten på alle områder, men spesielt på asfaltering som er føreslått redusert med kr 500.000 i høve til 2015.

Vidare har ein selt hytta på Åsen og skulehuset på Byrkjeland som vil medføra reduserte utgifter både i straum og ikkje minst vedlikehald.

Seksjonen prioriterar vedlikehald av kommunal eigedom og vil så langt som mogeleg ikkje redusera aktiviteten på dette området.

Reasfaltering i Songesand (kr 1,0 mill.) må gjerast for å unngå eventuelle erstatningssøksmål. Den kommunale vegen er utslitt med djupe hjulspor som kan medføre erstatningskrav mot kommunen. I tillegg må kommunal grusveg asfalterast på Oanes (kr 150.000). Dette vil redusere framtidige vedlikeholdsutgifter (oppgrusing og skraping er kr 10.000 pr. år). Tiltaka blei vurdert finansiert av vegfondet, men rådmannen har likevel ikkje funnet rom for desse tiltaka i 2016.

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>  |                                       |
|--|---------------------------------------|
| Seksjon/avdeling:  | Eigedom, drift og investering         |
| Tiltak:  | Auke kommunale vatn og kloakkavgifter |
| Forventa innsparing (årleg):   | 320.000                               |
| Beskrivelse av tiltak:   |                                       |
| Den årlege vatn og kloakkavgifta auker med til saman ca. 800 kr pr. husstand. Avgifta ligg fortsatt langt unna sjølvkost, kr 2240,- og kr 1956,- for 2014 og vil bli på ca. 2500,- for vatn og ca 2500,- for kloakk etter auka, gjeldande for 2015. Til samanlikning har Hjelmeland Kommune eit årsgebyr for vatn på kr 4187,- og 2726,- for kloakk, medan Strand har kr. 3012,- for vatn og kr 3456,- for kloakk. |                                       |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):  |                                       |
| Ca kr 2,20 i auke pr dag, tilsaman for vatn og kloakk pr husstand.   |                                       |

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>                       |   |
|---|---|
| Seksjon/avdeling:                                   | Eigedom, drift og investering   |
| Tiltak:   | Steng av Gammel avlastningsbustad, steng av vatn og straum samt avslutte brannvarslar og alarmabonnement. |
| Forventa innsparing (årleg):                        | 100.000   |
| Beskrivelse av tiltak:                              |   |
| Redusere vedlikehald utgifter. Brann alarm, straum. |   |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):   |   |
| Kultur ønskjer denne bustaden, se eigen temasak.    |   |

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>   |                               |
|---|-------------------------------|
| Seksjon/avdeling:   | Eigedom, drift og investering |
| Tiltak:   | Frete bygg. Utleie.           |
| Forventa innsparing (årleg):  | 365.000                       |
| Beskrivelse av tiltak:  |                               |
| Bygget er ikkje utleid pr.dd, men leigeinteresse er aukande. Tidligare leigeinntekter har vore ca kr 365.000 i året. Skulle bygget stå utan leigetakar har tidlegare praksis vore overføring av tapte leigeinntekter frå kraftfondet. |                               |



|   |
|---|
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.): |
|   |

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>  |  |
|--|--|
| Seksjon/avdeling:  | Eigedom, drift og investering                      |
| Tiltak:  | Barne/Avlastings bolig. Tilsette også ha reinhald? |
| Forventa innsparing (årleg):   | 150.000  |
| Beskrivelse av tiltak:   |  |
| Tilsette ha reinhaldet sjølv. Nå er det snakk om utvide med ein reinhaldstilling på 33,60% maks i avlastinga. Teknisk har ikkje hatt reinhaldet i avlasting før men tar jobben om vi tilført midlar. |  |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):  |  |
| Mer å gjøre på jobb.   |  |

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>  |  |
|--|--|
| Seksjon/avdeling:  | Eigedom, drift og investering              |
| Tiltak:  | Bergekrossen: 20% økning av leieinntekter. |
| Forventa innsparing (årleg):   | 40.000                                     |
| Beskrivelse av tiltak:   |  |
| Leigen i dette bygget er ikkje auka sia det vart opna, og leiga er svært låg i forhold til markedet. |  |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):  |  |
| For ein leigetakar med behov for 10 m2 kontor vil auka medføra ei auke på kr. 1000 i året            |  |

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>  |                                  |
|--|----------------------------------|
| Seksjon/avdeling:  | Eigedom, drift og investering    |
| Tiltak:  | Auke husleige på omsorgsbustader |
| Forventa innsparing (årleg):   | 80.000                           |
| Beskrivelse av tiltak:   |                                  |
| Husleiga i dag er svært låg og står på ingen måte i samsvar med dei store kostnadene kommunen får i vedlikehald/oppussing i framtida |                                  |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):  |                                  |
| Auka utgifter.   |                                  |

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>                     |                                       |
|---|---------------------------------------|
| Seksjon/avdeling:                                 | Eigedom, drift og investering         |
| Tiltak:   | Kulturhus, utleie kafe Mulen eksternt |
| Forventa innsparing (årleg):                      | Kr.25 000,-                           |
| Beskrivelse av tiltak:                            |                                       |
| Sparte drift og vedlikehaldsutgifter.             |                                       |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.): |                                       |
| Ingen.  |                                       |

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>                     |                                     |
|---|-------------------------------------|
| Seksjon/avdeling:                                 | Eigedom, drift og investering       |
| Tiltak:   | Samfunnshus selges til høystbydande |
| Forventa innsparing (årleg):                      | 100.000                             |
| Beskrivelse av tiltak:                            |                                     |
| Brannalarm strøm og div. vedlikehald faller bort. |                                     |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.): |                                     |
|   |                                     |

| <b>Innsparingstiltak 2016</b> |  |
|-------------------------------|--|
| Seksjon/avdeling:             | Eigedom, drift og investering            |
| Tiltak:                       | Uteseksjon, fakturere eksterne tjenester |

|   |        |
|---|--------|
| Forventa innsparing (årleg):  | 25.000 |
| Beskrivelse av tiltak:  |        |
| Brøyting, soping og annet for private.  |        |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):                             |        |
| Større press ved store snømengder, men private oppgåver må bli anneprioritet. |        |

|  |  |
|--|--|
| <b>Innsparingstiltak 2016</b>  |  |
| Seksjon/avdeling:  | Eigedom, drift og investering                              |
| Tiltak:  | Skule ,kulturhus ,avlasting. Rasjonalisering reinhald pool |
| Forventa innsparing (årleg):   | 25.000   |
| Beskrivelse av tiltak:   |  |
| Reinhald kulturhus. Sjå på reinhald stillingar. Låsing av begge bygg utføres av reinhald ?<br>gjelder og lys-strømsparing. |  |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):  |  |
|  |  |

|   |  |
|---|--|
| <b>Innsparingstiltak 2016</b>   |  |
| Seksjon/avdeling:   | Eigedom, drift og investering                      |
| Tiltak:   | Asfaltering reduseres til eit minimum. Kun nødrep. |
| Forventa innsparing (årleg):  | 300.000  |
| Beskrivelse av tiltak:  |  |
| Kun asfaltere glipper og hull i vegbanen.<br>Vil medføre djupe hjulspor på sikt med dårlegare brøyting, avrevne eksosanlegg ol. |  |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):   |  |
| Dårlege kommunale veger.  |  |

## Seksjon Plan og forvaltning

Dei fleste av tenestene Plan og forvaltning leverar er lovpålagte og vanskelege å skjera i. Økte gebyrsatsar er naturlegvis eit grep å ta. Ein har tilsett ny sakshandsamar med brei kompetanse der oppgåveløysing på tvers av fagområda i seksjonen er mogleg. Ein kan forventa at tilsettinga vil redusera behovet for kjøp av konsulent tenester eksternt.

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>   |                                       |
|---|---------------------------------------|
| Seksjon/avdeling:   | 828 Plan og forvaltning, 311 Byggesak |
| Tiltak:   | Økte gebyr satsar 20%                 |
| Forventa innsparing (årleg):  | 90.000                                |
| Beskrivelse av tiltak:  |                                       |
| Saksbehandlingsgebyr skal dekkja kostnader knytt til tenesta 311 byggesak leverer brukarane i kommunen. Forsand kommune sine gebyra ligg i dag i øvre skikt samanlikna med andre kommunar i Rogaland. |                                       |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):   |                                       |
| Negativt for brukarane med økte byggesakskostnader.   |                                       |

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>  |   |
|--|---|
| Seksjon/avdeling:  | 828 Plan og forvaltning, 310 Planavdelingen |
| Tiltak:  | Økte gebyr satsar 20%                       |
| Forventa innsparing (årleg):   | 26.000                                      |
| Beskrivelse av tiltak:   |   |
| Saksbehandlingsgebyr skal dekkja kostnader knytt til tenesta 310 planavdelinga leverer brukarane i kommunen. |   |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):  |   |
| Negativt for brukarane med økte kostnader i forbindelse med planarbeid.                                      |   |

| <b>Innsparingstiltak 2016</b>   |                                   |
|---|-----------------------------------|
| Seksjon/avdeling:   | Plan og forvaltning, 311 Byggesak |
| Tiltak:   | Ny tilsetting                     |
| Forventa innsparing (årleg):  | 30.000                            |
| Beskrivelse av tiltak:  |                                   |
| Ein har tilsett ny sakshandsamar ved avdelinga. Det er tilsett person med kompetanse på fleire områder seksjonen har manglande kompetanse/resursar på. Kart/geo-data tenester er eit viktig og sentralt kompetanseområde i kommunen. Ny sakshandsamar vil ta tak i dette området og ein kan difor forventa kostnadsreduksjon på bruk av kjøpte tenester på dette området. Personen vil arbeida i team med saksbeh. Innan byggesak, landbruk, plan og forvaltning. |                                   |
| Konsekvensar av tiltak (brukara, tilsette, etc.):   |                                   |
| Positivt for dei tilsette som får jobbe i team med varierte arbeidsoppgåver.<br>Seksjonen vert mindre sårbar mtp. oppgåveløysing ved fråvær.  |                                   |

## Andre forhold

### *Forsand Sokneråd*

Iflg. Lov om Den Norske Kyrkja, skal kommunane yte tilskot til drift av kyrkjegarder, kyrkjekontor. For 2016 er tilskotet på kr 2.464.000.

### *Revisjon/kontroll*

I samsvar med tilråding frå kontrollutvalet er det ført opp eit samla budsjett på kr 715.000 inkl. mva. for kontroll og tilsyn i 2016.

## 7. Investeringsbudsjettet

Profilen i rådmannen sitt forslag til investeringsbudsjett har endra seg samanlikna med profilen frå forslaget frå perioden 2015-2018. I fjor på denne tida var det fokus på å bygge varige verdiar fram mot en eventuell kommunesamanslåing. Som følgje av vedtaket i kommunestyret i juni om at Forsand kommune i åra som kommer skal være eigen kommune må kursen endrast. Rådmannen sitt forslag til investeringsbudsjett for perioden 2016-2019 har det difor vært auka fokus på kva som er naudsynt for å ivareta kommunen sine primæroppgåver. Samanlikna med vedtatt nivå på investeringar i 2015 leggast det fram forslag om ein reduksjon på kr 15 mill. frå 2015 til 2016. For perioden 2016-2019 er samla investeringsnivå redusert med kr 30 mill. samanlikna med vedtatt investeringsnivå for perioden 2015-2018.

Det er gjort framlegg om å investera for kr 39,6 mill. i 2016 og kr. 110,9 mill. samla i perioden fram til 2019. Dette er bruttoutgifter, dvs. at tilskot til mellom anna utleigebustader og kunstgrasbanen ikkje er lagt inn som fråtrekk i totalsumma.

Investeringane i økonomiplanperioden 2016-2019 er vist på eige investeringsbudsjett og er tenkt finansiert slik:

|                     | 2016   | 2017   | 2018   | 2019   |
|---------------------|--------|--------|--------|--------|
| Lån                 | 14 800 | 20 700 | 9 500  | 7 000  |
| Ubrukte lånemidler  | 7 000  |        |        |        |
| Disposisjonsfond    | 8 750  | 600    | 450    | 450    |
| Kraftfond           | 1 250  | 600    | 100    | 100    |
| MVA                 | 2 910  | 1 810  | 1 700  | 1 700  |
| Kapitalfond         | 305    | 2 600  | 1 000  | 1 000  |
| Kursreguleringsfond |        | 6 000  |        |        |
| Vegfond             |        |        | 50 000 |        |
| SUM                 | 39 558 | 32 310 | 62 750 | 10 250 |

Rådmannen foreslår nye investeringstiltak på til saman kr 12,8 mill. i 2016. Av desse kr 12,8 mill. utgjør utleigebustader til flyktningar kr 10,0 mill.

Enkelte prosjekt som ikkje blir påbegynt i 2015 er foreslått rebudsjettert i 2016. Dette gjeld:

- ADR Gateadresser
- B15 Bil brannvesen

- CA6 Ballbing Meling
- STS Trafikksikring skule
- KGB Kunstgrasbane

Rådmannen foreslår posten for breibånd og mobilnett utsatt til 2017. Utsettinga skal ses i lyset av det auka behovet for å prioritera. Utsettinga har likevel og bakgrunn i mange usikre og uavklarte forhold rundt val av utbyggingsmodell og samarbeidspartner. Forsand kommune har saman med Forsand elverk vært i samtaler med mulige aktørar for utbygging og drift. Val av modell er avgjørande, både for dekningsområde, innhald, kvalitet og kostnad. Alle løysningar krev kommunalt bidrag, også i form av utnytting av eksisterande kommunalt fibernet. Forsand elverk har ein nøkkelrolle i framtidig fiberutbygging som eigar av egen infrastruktur for fiber som dekker det meste av sentrale deler av Forsand. Fibernetet til Forsand elverk leies i dag ut på kommersiell basis, også til Forsand kommune. Rådmannen anbefaler at ein eigen prosjektgruppe samansett med representantar frå Forsand kommune og Forsand elverk legger frem en sak for kommunestyret hausten 2016.

Viser elles til samla investeringsoversikt.

## **8. Forvaltning av midlar**

I dag har kommunen om lag kr 94 mill. i markedsverdi plassert i pengemarknaden. Ein har realisert ein del bustadfond som ikkje gav så god avkastning og re-investert desse. Porteføljen som var i SR-bank som var aktiv forvaltning er og avslutta og ein forvaltar nå desse sjølv. Ein vil i større grad en før nytta avkastning i drifta og ikkje lenger re-investera like mykje. Budsjettposten for gevinst er difor auka.

Ein vil fortsetja som før med den langsiktige strategien i høve pengeplassering. Marknaden vert fulgt nøye og det kan vere aktuelt å realisere midlar til investeringar om rentene vert auka. Slik utsiktene på rentemarknaden ser ut i dei næraste 3-4 åra, vil kommunen nok tene på å ha midlane plassert i aksjar og fond og heller ta opp lån med låg rente.

## **9. Budsjett og skattelegging for 2016**

Med bakgrunn i kommentarane og budsjettframlegget rår rådmannen formannskapet gjera slik

### **Tilråding til vedtak:**

1. Forsand kommune sitt budsjett for 2016, vert godkjent slik det ligg føre.
2. Skatt for 2016 vert å skrive ut med høgaste tillete prosentats på inntekt og 0,7 % på formue.
3. I medhald av eigeidomsskatteloven § 3, første ledd bokstav c, blir det skrevet ut eigeidomsskatt på verk og bruk med kr 7 pr. kr 1.000 av skatteverdet.



Seksjonane

Dato: 16.12.2015

Vår ref.: 15/469-15/K1-150//BVG

Saksbeh. e-post:

bvg@forsand.kommune.no

Saksbeh. tlf.: 51 700 108

Dykkar ref.:

Att:

### Melding om vedtak

## Godkjenning av budsjett og skattelegging for 2016

Kommunestyret behandla saka i møte den 16. desember 2015, og følgjande vedtak blei gjort:

1. Forsand kommune sitt budsjett for 2016, vert godkjent i samsvar med tilråding frå formannskapet, men med følgjande tillegg:
  - Ny ordlyd i innsparingstiltak frå pleie og omsorg - Redusera lønmidler med 610 000 ( i staden for reduksjon i grunnbemanninga)

|                                |                           |
|--------------------------------|---------------------------|
| Personal lærlinger             | kr. 100.000,-             |
| Eingongsbøker småskulen        | kr. 5.000,-               |
| Kjøkken                        | kr. 270.000,-             |
| Fjellturar ungd.trinn          | kr. 6.000,-               |
| Samfunnshus                    | kr. 100.000,-             |
| Personal, Gåver tilsette       | kr. 30.000,-              |
| Servicetorg, betalingsterminal | kr. 11.000,-              |
| Redusere mat politisk          | kr - 30.000,- (reduksjon) |

Innsparing overgang til led: kr 62.000,- Redusert utgift finansforvalter: kr 150.000,-

### Skriftlig:

Ønskjer sak om jordmorstenesta når rådmannen har konkludert kva for nokre løysningar som er mulig.

Det må komme ei eiga sak på dette der me får ein gjennomgang på heile gåvereglementet

2. Skatt for 2016 vert å skrive ut med høgaste tillete prosentsats på inntekt og 0,7 % på formue.
3. I medhald av eigeomsskatteloven § 3, første ledd bokstav c, blir det skrevet ut eigeomsskatt på verk og bruk med kr 7 pr. kr 1.000 av skatteverdet.

Sjå vedlagte saksutgreiing.

For rådmannen

Bodil Vika Gjesteland  
politisk sekretær



# Forsand kommune

## Saksframlegg

| SAKSGANG |               |            |
|----------|---------------|------------|
| Saksnr   | Utval         | Dato       |
| 039/15   | Formannskapet | 10.11.2015 |
| 047/15   | Formannskapet | 24.11.2015 |
| 113/15   | Kommunestyret | 16.12.2015 |

| Arkivkode | Saksbehandlar | Arkivsak/j.post    |
|-----------|---------------|--------------------|
| K1-150    | Søren Jensen  | 15/469 - 7 15/8619 |

| Vedlegg:<br>Dok.dato | Tittel  | Dok.ID |
|----------------------|---|--------|
| 02.11.2015           | Budsjett 2016                                 | 112140 |
| 29.10.2015           | vedr. nedskjæringar på budsjett for 2016      | 112009 |
| 16.11.2015           | Avklaringer etter møte i formannskapet 101115 | 113021 |
| 04.12.2015           | budsjett og øk plan 2016 f-skap 241115.pdf    | 113988 |

## Godkjenning av budsjett og skattelegging for 2016

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Forsand kommune sitt budsjett for 2016, vert godkjent slik det ligg føre.
2. Skatt for 2016 vert å skrive ut med høgaste tillete prosentsats på inntekt og 0,7 % på formue.
3. I medhald av eigedomsskatteloven § 3, første ledd bokstav c, blir det skrevet ut eigedomsskatt på verk og bruk med kr 7 pr. kr 1.000 av skatteverdet.

## **Behandling i Formannskapet 10.11.2015**

Samlingslista v/ Kåre Oaland hadde følgjande spørsmål/merknader:

*Følgjande sparetiltak foreslås tatt inn i driftsbudsjettet igjen :*

### **-Fellestjenester:**

*Kurs/opplæring, lov og regelverk. 7.000*

*Økonomi. Kurs/opplæring, 30.000*

*Personal, Gåver tilsette. 30.000*

*Det må komme ei eiga sak på dette der me får ein gjennomgang på heile gåvereglementet.*

*Servicetorg, betalingsterminal. 11.000*

*Personal, Lærlingar, 100.000*

### **-Familie:**

*Jordmortenesten må me prøva så godt det lar seg gjera å få på plass igjen i løpet av 2016.*

*Eiga sak?*

*Fritidskontaktar 2 stk. 150.000*

*Kva konsekvensar får det for brukarane om me kuttar desse?*

### **-Kultur:**

*Flyktningearbeidet må visast i eit eige "hjelpbudsjett", slik at det blir synleggjort kva utgifter og inntekter me har.*

### **-Pleie og omsorg:**

*Kjøkken. 270.000*

*Ved auka bruk av kjøkkenet sine tenestar og innkjøpsordningar kan dette gå i pluss.*

*Redusere grunnbemanninga.? 610.000*

*Kan ein gjere meir for å redusere vikerbehovet ved å ha meir fokus på å redusera sjukefråveret?*

### **-Skulen:**

*Varsla auke i kostnaden med PPT frå Strand kommune, kva er årsaka til dette?*

*Kan me evtuellet samarbeida med andre om denne tenesten?*

*Kutt i to-lærarressursen i ungdom. og mellomtrinnet. 415.000*

*Fjellturar ungdomstrinn, 6.000*

*Fjellturar små og mellomtrinn, 9.000*

*Eingongsbøker i småskulen, 5.000*

*Garden (Gøyssa), 60.000*

### **-Eigedom, drift og investering:**

*Gebyr vatn og avlaup, auka dette med 10% (Ikkje 20%), 160.000*

*Gammalt kommunehus/barnehage, på vent til februar 2016, jfr. vedtak i kommunestyret 28/10 - 15.*

*Fretex, Legge dette ut for salg eller utleige, snarast!*

*Samfunnshus. 100.000*

*Asfaltering må ikkje reduserast, det er viktig å oppretthalda standaren på vegane.*

### **-Plan og forvaltning:**

*Byggesak og plan, kun auke gebyra i henhold til vanlig prisauke. 90.000 – 26.000*



Krf. v/ Ole Tom Guse hadde følgjande spørsmål til rådmann:

1. Er det mulig å få forslag på fleire innsparingstiltak på f.eks Fellestenester?
2. Ber rådmannen om å gi info om evaluering og foreløpig konklusjon på arbeidet med å få sykehuset til å ta ansvaret for følgetenesta.
3. Aktivitetsenteret. Har rådmannen vurdert ei slik innsparing og evt bruke 20% i anna funksjon?
4. Det står at betalingsmodell for PPT skal endrast og det fører til ein dobling i pris. Korleis er dette mulig innan avtalen?
5. Kor mykje kan ein spare på å legge normen for snøbrøyting høgare tilsvarande f.eks 2009 vedtaket? Kan f.eks la ver å brøyte sykkelvegane i helgene.
6. Fretex bygg. Forklar korleis tapte leigeinntekter kan bli overført frå Kraftfondet.
7. Omsorgsbustader. Kor mykje vil dei 80.000,- utgjere ca pr brukar?
8. Samfunnshuset. Er dei 100.000,- justert for kommunestyrevedtaket om at ein skal vente med sal til kunstgressbanen er ferdig?

SP. v/ Tore-Hans Mikkelsen, hadde følgjande merknader:

**Fellestenestar:**

Side 8. Ikkje ha betalingsterminal.  
Side 8. Læringar: Stopp for inntak.....

Vil behalde betalingsterminalen.  
Ikkje for innsparing her.

Barnehagen: Ok. Seksjon familie: Ok

**Seksjon funksjonshemma:**

Side 13. Innsparing på mat.  
heimen.

